

Referat frå årsmøte i Jordvernforeningen i Rogaland 10. mars 2015 kl. 19.30 – 22.00 på Bryne Kro og Hotell.

Det møtte i alt 60 personer.

1. Opning av møtet ved leiar Hans Aarsland
2. Godkjenning av innkalling og sakliste. Vedtak: Godkjent utan merknader
3. Val av møteleiar. Vedtak: Hans Aarsland vart vald
4. Val av referent. Vedtak: Geir Oluf Hareland vart valgt
5. Innlegg v/Nils Vagstad Frå Bioforsk som snakka om jordvern i globalt perspektiv og som langsigktig samfunnsinteresse.
6. 2 personar til å underskrive møteprotokoll. Vedtak: Arna Høyland og Kristen Birkemo vart valde
7. Godkjenning av årsmelding for 2014. Hans las opp årsmeldinga. Merknad: Ståle Fjermestad etterlyste meir samarbeid med Time Bondelag vedr. jordvernmøtet på Frøyland. Vedtak: Godkjent med desse merknader.
8. Godkjenning av rekneskapen for 2014. Kjell Harald las opp rekneskapen. Vedtak: Godkjent utan merknader
9. Valet vart leia av Anna Stangeland
  - Leiar for 1 år: Valkomiteen hadde ingen forslag, og årsmøtet ga styret fullmakt til å konstituere rollene sine sjølv
  - Sekretær for 2 år: Geir Oluf Hareland, attvald v/akklamasjon
  - Ny styremedlem for 2 år: Bente Gilje, vald v/akklamasjon
  - Ny styremedlem for 2 år: Erlend Stangeland, vald v/akklamasjon
  - 1. varamedlem for 1 år: Karen Fosså Handeland, attval
  - 2. varamedlem for 1 år: Anne Marie Joa, ny
  - Ikkje på val: Kjell Harald Horpestad, kasserer og Jon Lea, styremedlem
  - Revisorar for 1 år: Torgeir Kinn og Magne Nilsen vart valde v/akklamasjon
  - Ny medlem til valnemnda for 2 år: Torbjørn Åsen vart vald v/akklamasjon
  - Ny medlem til valnemnda for 3 år: Hans Aarsland vart vald v/akklamasjon
10. Godtgjering til styreleiar: Vedtak: kr. 6.000,- pr år (uendra frå i fjar)
11. Kontingent for 2015: Vedtak: Kr. 300,- pr. medlem (uendra)
12. Innkomne saker:
  - Hans Årsland orienterte om den nye E-39 traseen, spørsmål og diskusjon
  - Det kom opp forslag frå salen om:
  - Informasjonsmateriell bør sendast til skulane
  - Medlemsvervning
  - Kontakte miljøvernorganisasjoner for meir samarbeid
  - Lågare medlemskontingent til ungdomar
  - Utfordre ordførarane i Jærkommunane på jordvern

Referat v/Geir Oluf Hareland

---

Arna Høyland

---

Kristen Birkemo